

# SVENNEVIKHEIA / LUSSEVIKA VELFORENING

## REFERAT - ÅRSMØTE 2015

Dato; 11. juli 2015, kl 12.00

Stad; Spangereid Grendehus, Båly

### AGENDA;

- 1) Valg av møteledar;  
Styreledar i velforeningen, Endre Moseid, vart valgt til møteledar.
- 2) Godkjenning av innkalling og dagsorden;  
Innkalling og dagsorden vart godkjent utan kommentarar.
- 3) Val av referent  
Sekretær i styret, Lars N Alme, vart valgt til referent.
- 4) Behandle styrets beretning for 2014/2015;  
Styret sin beretning vart lest opp i årsmøtet. Beløpet for utestående fordringar hos medlemmane pr 1. juli 2015 vart korrigert frå 7800,- til 5600.- under gjennomgangen.  
Kommentarar gitt på møtet gjekk på tilstanden på vegen der ein lekkasje nederst mot havna kan gje glatt veg vinterstid. Ihht den signerte avtalen mellom SLV og grunneigar LG er dette noko LG er ansvarleg for å fikse, og dei vil sjå på saken.  
Vidare vart det kommentert rundt parkering i havna; parkering skal skje på eigne parkeringsplassar og ikkje nede ved bodene langs kaien. Det vart etterlyst skilt med parkeringsforbud både på norsk og tysk. Vidare vart styret utfordra til å lage forslag til infotekst på tysk og engelsk som utleigar kan gje til fisketuristar.  
Med desse kommentarane vart årsmelding godkjent.

5) Gjennomgang av rekneskap;

Kasserar gav ein kort gjennomgang av nøkkeltala i rekneskapet. På spørsmål angående posten Forsikring Brygge/Sjøboder vart det presisert at dette gjeld «fellesarealet» som SLV forsikrar, sjøboder blir forsikra gjennom Havnestyret. Med desse kommentarane vart regnskapet godkjent.

6) Behandle budsjett og forslag til Handlingsplan 2015 – 2018;

Kasserar gjekk gjennom budsjettet som var blitt distribuert i forkant av årsmøtet. I diskusjonen som fulgte vart det sagt at me bør vurdere å auke kontingenten for å ruste opp havna med f.eks toalettanlegg for medlemmane i SLV (med f.eks kodelås eller utlånsordning for nøkkel), samt lage ein gapahuk ved stranda. Dersom grunneigar stiller grunn til disposisjon er dette noko SLV medlemmar kan gjere på dugnad. Svaret frå leidar i SLV viste til at LG har som ambisjon å oppgradere havneområdet, me får sjå kva dette fører til.

Styret har lånt ei privat bod for lagring av telt og anna utstyr SLV har. Dette lånet vil bli avslutta slik at styret må vurdere andre ordningar for lagerplass. Dette kan f.eks vera å leige ei bod av LG. Med desse kommentarane vart budsjett godkjent.

Ved gjennomgang av Handlingsplanen vart det presisert at med den foreståande fortettinga med opptil 115 hytter bør det vera eit mål at desse nye felta blir medlemmar av SLV og ikkje startar parallelle velforeningar. Med tanke på båtplassar for nye hytter vart det informert om at kommunen har vedtatt utviding av havna i Lussevika ved massedumping frå lektar (ikkje sprengning). Med desse kommentarane vart Handlingsplanen godkjent.

7) Val av nytt styre og revisor;

4 styremedlemar stod på val. Endre Moseid og Tone Egeland går ut av styret, mens John A. Larholt og Georg K. Gundersen vart gjenvalgt for 2 år. Som nye styremedlemar vart Odd og Tove Jespersen valgd inn for 2 år.

Årsmøtet valgte Georg K. Gundersen som ny styreleder. Styret vil fordele andre verv og oppgaver seg i mellom i konstituerende styremøte. Dersom ingen i styret har regnskapskompetanse må denne oppgave settast ut eksternt.

Val av ny revisor; årsmøtet støtta forslag om at Tove Egeland skal spørja Mette Moen.

8) Kontingent for 2016;

Styret hadde foreslått 3000,-. Det vart reist benkeforslag om å sette kontingenten til 3500,- for å finansiere f.eks. toalettanlegg i havna. Årsmøtet vedtok 3000,- som kontingent for 2016.

9) Behandle forslag framsatt av styret;

Endring av vedtektene;

- a. Tidspunkt for betaling av kontingent endra frå 15. til 31. januar;  
Vedtatt
- b. Starttidspunkt for betaling av kontingent skal vera byggestart;  
Vedtatt
- c. Kontingentprinsipp for Klaubakken (800,- med mogeleg indeksering) og Gustav Larsen feltet (40% av full kontingent);  
Vedtatt
- d. Stemmerett på årsmøtet – kvart betalt medlemsskap i inneverande år har stemmerett; Vedtatt
- e. Disponering av Investeringsfond; dette skal skje etter årsmøtevedtak eller avstemming via e-mailar. Medlemmar som betalar full kontingent har stemmerett ved disponeringsbeslutningar; Vedtatt
- f. Styret kan overføre midlar frå driftskonto til investeringsfond;  
Vedtatt.

10) Behandle forslag framstilt av andre;

Svein Otto Vik gjekk gjennom årsrapporten frå Havnestyret. Kontingent på kr 200,- vart bestemt vidareført. Fordeling av båt plassar er OK for

området B2, men på B3 er det «solgt» for mange båtplassar. LG må kontaktast for å rydde opp i dette samt bistå med tinglysing / merking.

Val til Sosialkomiteen; Terje Vatne Næss går ut av sosialkomiteen. Nyvalgt medlem bli Tone Egeland.

Referent; Lars N. Alme

GODKJENT;

24/8-15

Hinna

Tone G. Egeland

Odd Jespersen